

## **Handlingsplan for Nettverk for læring og mestring i Helse Vest 2018 - 2022**

### **Mål for regionalt nettverk: (Mandat frå Helse Vest per 03.01.13)**

Målet for nettverket er å bidra til at pasientar og pårørande får eit kunnskapsbasert og likeverdig tilbod i heile Helse Vest.

### ***Hovudoppgåva til nettverket er å gi (frå mandat per 03.01.13)***

Gi innspel til Helse Vest RHF når det gjelder utvikling av pasient- og pårørandeopplæring i Helse Vest, mellom anna ved å utarbeide forslag til handlingsplan for feltet med utgangspunkt i rapport (2012). Utvikling av standardiserte arbeidsmetodar og kunnskapsdeling i regionen er vesentlege moment i ein handlingsplan. Planen skal ha eit treårig perspektiv og prioritere mellom kortsiktige og langsiktige tiltak.

#### Andre hovudoppgåver for nettverket er å bidra til:

- Fag- og kompetanseutvikling
- Koordinering mellom helseføretaka
- Samarbeid med og kompetansespreiing til kommunar
- Nasjonalt og inter-regionalt samarbeid

Opplæring av pasient og pårørande er ei av føretaka sine fire hovudoppgåver. Helse Vest synleggjer både oppgåva og arbeidsmetode i styringsdokument<sup>1</sup>:

*«Opplæring av pasientar (læring og meistring) er inkludert i pasientforløpa»*

*«Opplæringa av pasientar og pårørande skjer i eit likeverdig samarbeid mellom brukarar og fagfolk....»*

*«Pasientars og brukarars erfaringar blir brukte aktivt i utforminga av tenestetilbodet (systemnivå)»*

*«Det blir samarbeidd med kommunane om utvikling av lokale opplæringstiltak»*

---

<sup>1</sup> Styringsdokument frå Helse Vest 2015

## Handlingsplan

### Satsingsområde 1: Gode pasientforløp

**Mål:** Alle pasientar som har langvarige helseutfordringar og deira pårørande får tilbod om opplæring/ læring- og mestringstilbod.

#### **Tiltak:**

- 1. Bidra til at opplæring/ læring og mestringstilbod vert integrert og synlege i pasientforløpa.**
  - a. LMS ved kvart føretak samarbeider med fagavdelingane i utvikling av pasientforløp og gode rutinar for tilvising til opplæringstilbud. Nettverket samlar og deler erfaringar og gode eksempel for å lære av kvarandre, og slik bidra til lik praksis.
  - b. LMS ved kvart føretak samarbeider med pasientsikkerhetsprogrammet, for å bidra til at opplæring/ lærings- og mestringstilbod blir integrert.
  - c. Ha spesielt fokus på samarbeid om pasientforløp, pakkeforløp og standardiserte forløp, bidra både regionalt og lokalt.
  - d. Nettverket løftar fram gode eksempel på pasientforløp, men òg behov og manglar, til oppdragsgivar i årsrapport og andre aktuelle fora.
  - e. Nettverket har oversikt og rapporterer årleg (februar) på kva for pasientar som får opplæringstilbod i grupper i samarbeid med lærings- og mestringssentra. Oversikten gjeld kvart føretak og samla i Helse Vest.
  
- 2. Bidra til samarbeid på tvers av føretak om spesialiserte opplæringstilbod.**
  - a. Nettverket bidrar til at små pasientgrupper får opplæringstilbod i grupper ved å:
    - i. Fange opp behov, ha oversikt på tilbod og stimulere til samarbeid.
    - ii. Følgje opp at tilboda vert synlege på alle føretaka sine nettsider og kjent for fagmiljøa.
  
- 3. Bidra til betre dokumentasjon av opplæring/ lærings og mestringstilbod.**
  - a. Arbeide for rett dokumentasjonspraksis ved kvart LMS.
  - b. Nettverket løfter fram og deler god praksis og rutinar, men òg behov og manglar til oppdragsgivar og i andre aktuelle fora og kanalar.

- c. Nettverket deltar i arbeidsgruppe ved NK LMH som arbeider med kvalitetsindikatorar og registreringspraksis.

## **Satsingsområde 2: Kompetanse, fagutvikling og forskning**

### **Mål:**

- Auka kompetanse innan opplæring av pasient og pårørande/ læring og mestring.
- Opplæring av pasient og pårørande/ læring og mestringstilbod skal vera kunnskapsbasert.

### **Tiltak:**

#### **1. Gjennomføre årlege fagsamlingar i Helse Vest.**

Målgruppa er tilsette ved LMS, fagpersonar i spesialisthelseteneste og kommune som arbeider innan feltet, brukarrepresentantar og aktuelle samarbeidspartar.

#### **2. Bidra til auka helsepedagogisk kompetanse.**

- a. Alle føretak tilbyr grunnkurs i helsepedagogikk.
- b. Føretaka hospiterer hos kvarandre ved behov.
- c. Føretaka kan delta i kvarandre sine helsepedagogiske tilbod.
- d. Nettverket varetar felles idèbank i sharepoint.
- e. Nettverk varetar eige kontaktnettverk i Helse Vest for dei som har ansvar for helsepedagogiske tilbod i kvart føretak.
- f. Nettverket arrangerer årleg samling i Helse Vest for dei som har ansvar for helsepedagogiske tilbod i kvart føretak.
- g. Nettverket deltar i NK LMH si nasjonale satsing på helsepedagogikk.

#### **3. Bidra til at brukarkompetanse vert systematisk involvert i planlegging, gjennomføring og evaluering av tilbod (Standard metode/ arbeidsmetoden ved LMS)**

- a. Vere pådrivar for at kvart føretak utviklar og nyttar prosedyre for opplærings- lærings- og mestringstilbod i grupper. Den synleggjer krav til likeverdig samarbeid mellom fag og brukarkompetanse.
- b. Gjere kjent og oppdatere retningslinene for brukarmedverknad i lærings- og mestringstilbod (utvikla av nettverket).
- c. Gjere kjent og ha fokus på brukarmedverknad i møte med samarbeidspartar, i helsepedagogiske tilbod og fagsamlingar.
- d. Løfte fram gode eksempel på likeverdig samarbeid og systematisk brukarmedverknad.
- e. Gje tilbod om kompetanseheving til brukarrepresentantar i kvart føretak.

- 4. Bidra til forskning og kunnskapsutvikling kring opplæring av pasient og pårørende/ læring og mestring.**
  - a. Bidra inn i aktuelle forskingsprosjekt lokalt, regionalt og nasjonalt.
  - b. Bidrar til regional og nasjonal oversikt på utviklings- og forskingsarbeid (mestring.no, fagsamlingar.....).
  - c. Delta i prosjekt/ forskingsgrupper ved NK LMH.
  
- 5. Evaluering av lærings- og mestringstilbod.**
  - a. Idèbank i sharepoint i Helse Vest.
  - b. Delta i NK LMH sitt arbeid med evalueringsmetoder.
  
- 6. Bidra i utvikling av nettbaserte verktøy som fremmar brukarmedverknad.**
  - a. Bidra til at systematisk brukarmedverknad vert ivareteke i arbeidet med utvikling og utprøving av verktøy.
  - b. Delta i aktuelle prosjekt.

### **Satsingsområde 3 Samarbeid med kommunar**

**Mål:** Læring og mestring/ opplæring av pasient og pårørende er ein del av samarbeidet mellom kommunar og føretak.

#### **Tiltak:**

- 1. LMS ved kvart føretak bidrar inn i arbeidet med samarbeidsavtalane** med kommunane og er aktive i aktuelle lokale fagnettverk om læring og mestring. Nettverket i Helse Vest samlar erfaringar og bidrar til å dele erfaring/ lære av kvarandre.
- 2. Nettverket presenterer ein samla status** på samarbeid mellom føretak og kommunar i regionen, i årsrapport.
- 3. Bidra til implementering av Mestringstreff**
  - a. Delta som region i NK LMH sitt implementeringsprosjekt
  - b. Gjennomføre felles kompetanseheving i regionen
  - c. Utarbeide felles strategi for oppfølging og samarbeid om mestringstreff med kommunane.

### **Satsingsområde 4 Samarbeid med aktuelle partar om opplæring av pasient- og pårørende/ læring og mestring**

**Mål:** Samarbeid med aktuelle partar for å dra nytte av kvarandre sin kompetanse og erfaring og saman utvikle faget.

#### **Tiltak:**

1. Delta i aktuelle prosjekt, arbeidsgrupper, fagsamlingar og nettverk i regi av Nasjonal kompetansetjeneste for læring og mestring innen helse (NK LMH)

## Godkjent i referansegruppa nov. 2017

2. Representere Helse Vest i referansegruppa for NK LMH
3. Samarbeide med andre regionar i aktuelle saker knytt til opplæring av pasient og pårørende/ læring og mestring
4. Samarbeide med Regionalt kompetansesenter for habilitering og rehabilitering i aktuelle saker og eventuelt delta på kvarandre sine fagsamlingar.
5. Delta i forskingsnettverk for pårørende.